



Gina H. Berge-Soldal sel flotte handarbeid hos Elin neste laurdag.

Gina Hella Berge-Soldal på Flatholmen er kjend som ei svært kreativ dame som er flink både med hender og symaskin. Ho lagar blant anna flotte barnekle som er ekte heimeproduserte varer under konseptet Laga på Holmen. Neste laurdag, 25. november, kan ein både sjå og kjøpa desse flotte plagga ho lagar, hos Elins Matgleder.

Denne laurdagen vert det lagt opp til skikkeleg førjulsstemning hos Elins Matgleder. I tillegg til julegåvene som er **Laga på Holmen** så er også butikken og siloane fulle av flotte julegåver. I tillegg kjenner vi til alle godsakene Elin har å by på fram mot jul, enten det er julebakst, heimelaga julekonfekt, julebrød eller anna godt.

For at kundane skal koma i den rette julestemninga byr Elin også på julegraut med mandel og gløgg. Dagen er ein del av feiringa av 5års-jubileumet til Elins Matgleder. Det vert feira minst tre dagar til ende. Den kjem vi tilbake til som eiga sak. No bringar vi nokre smakebitar på produkta **Laga på Holmen**.













Tekst og nett: Thor Inge Døsland
Foto: Gina Hella Berge-Soldal.